



KM 07/14 Visjonsdokument for Den norske kyrkja 2015–2018

Merknader frå kyrkjemøtekomitéen og Kyrkjemøtet sitt vedtak

Merknader frå komiteen

Komiteen er takksam for alle innspel til saka som kom i plenum. Det var 16 skriftlege endringsforslag og ei rekkje munnlege ønskjer. Komiteen har systematisert alle desse innspela og vurdert dei i sitt vidare arbeid med visjonsdokumentet.

Komiteen har vurdert forslaget til Benestad om å ha ein brei prosess om visjonen i kyrkjelydane. Komiteen vil halde fast ved at visjonen bør vedtakast på dette kyrkjemøtet. Sidan det skal gjerast gjeldande frå 2015, bør ikkje vedtaket utsetjast eit år. Dei siste åra har det vore mange høyringar i kyrkja vår, og det skal godt gjerast å skape entusiasme gjennom enno ei høyring. Komiteen har derfor vald ikkje å ta til følgje forslaget frå Benestad.

Slagordet

Komiteen vil halde fast på forslaget til slagord som blei fremja i første innstilling: *Meir himmel på jorda* (med «jorda» i bestemt form på nynorsk). Fleire var entusiastiske til denne formuleringa i plenumsdebatten.

Komiteens grunngjeving for slagordet er:

Uttrykket er teologisk haldbart. Jesus seier at himmelriket er nær der han er.

Det uttrykker både kva vi er og gir noko å strekke oss etter.

Både gudstenesta og diakonien gir eit glimt av himmel.

Det utdjupar møtet med mysteriet.

Det er knytt til Fadervår: «... på jorda slik som i himmelen».

Nokon har sagt at slagordet *Meir himmel på jorda* òg kan brukast av andre religionar. Når formuleringa blir brukt med Den norske kyrkja som avsendar, vil budskapet bli tolka i lys av kven avsendaren er, og bli rett forstått.

Det kom tre skriftlege forslag til andre slagord frå Husøy, Bratsberg og Riksaasen Dahl: «I Kristus – nær livet»; «I Kristus – i livet»; «Tru, håp og kjærleik». Det første, som har vore slagord i førre perioden, har ikkje fått god evaluering, og det andre ligg tett opp til dette. «Tru, håp og kjærleik» er fint og bibelsk, men komiteen har større tru på forslaget sitt. Eit forslag frå Braut om å sløyfe slagord er vurdert, men komiteen har vald å halde fast på å fremje eit slagord.

I plenumsdebatten gav fleire uttrykk for at namnet *Jesus* eller *Kristus* burde vere med i slagordet. Komiteen har vald å løfte eit av bollepunkta i første innstilling opp som ei forlenging av slagordet. Det gjeld denne setninga: *Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus*. På dette viset blir det utdjupa kva som ligg i formuleringa *Meir himmel på jorda*.

Dei fire omgrepa som har følgd kyrkja i fleire år, kjem så som ei forklaring på korleis kyrkja vil vitne om Kristus i ord og gjerning: Ved å vere vedkjennande, open, tenande og misjonerande. Det er eit klart fleirtal i komiteen som vil halde på «misjonerande» og ikkje skifte ordet ut med «evangeliserande», som Sommerfeldt hadde forslag om.

Sommerfeldts andre forslag om å flytte uttrykket «saman med den verdsvide kyrkja» til omgrepet «Vedkjennande», slutter komiteen seg til.

Gjevre hadde eit forslag om å ta ordet «mangfald» inn under omgrepet «Open». Komiteen har tatt ordet inn til erstatning for ordet «skilnader».

Bollepunkta

Komiteen ser at bollepunkta i første innstilling ikkje var godt nok strukturerte. Det var heller ikkje eit godt grep å bruke ordet «mål» som overskrift over dei. Det gir lett preg av å vere ei oppgåveliste. Komiteen har i staden vald å bruke «I perioden 2015-2018 vil vi at» som overskrift, og har forsøkt å formulere bollepunkta meir som kva kyrkja kan vere enn kva kyrkjelydane må gjere.

For å få betre struktur på desse bollepunkta har komiteen vald å gruppere dei under fire overskrifter. Dei handlar om gudsteneste, dåp og trusopplæring, samfunnsansvar og rekruttering – uttrykt som visjonar for kyrkja. Dette er ei strukturell endring frå første innstilling som komiteen håper at Kyrkjemøtet vil sjå som ei klar betring av dokumentet.

Omstruktureringa har ført til ein kritisk gjennomgang av alle bollepunkta i første innstilling, der komiteen òg har drøfta alle forslaga som blei fremja i plenum, både skriftlege og munnlege. Ein del av desse innspela har komiteen tatt inn i dokumentet, men fleire av dei er blitt noko formulert om eller er tekne inn som eit ledd i eit bollepunkt.

Komiteen vil kort gjere greie for korleis endringsforslaga er følgde opp:

Til punktet om aldersgruppa 18–30 hadde Berg forslag om at omgrepa «relevant, livsnær og tilgjengeleg kyrkje» måtte knyttast til fleire enn denne aldersgruppa. Komiteen er ikkje ueinig i synspunktet, men formuleringane har tidlegare vore knytte til 18–30-satsinga, og sjølv om formuleringa er god, bør ho etter komiteens meining ikkje gjentakast fleire gonger i ein tekst som må haldast i knappe ordelag. På det grunnlaget har komiteen ikkje tatt forslaget til følgje.

Bratsberg hadde forslag om å stryke punktet om «vigselsseremoniar som feirar kjærleiken». Komiteens tanke bak formuleringa er at kyrkja må gjera vigslar til glade og gode opplevingar. I staden for å ta punktet bort, har komiteen vald å bytte ordet «vigselsseremoniar» med «vigslar» og har utvida punktet med ein teologisk dimensjon: «... og bed om Guds velsigning over samlivet». Punktet om gravferd er òg gitt ein teologisk dimensjon på liknande vis. Bratsbergs forslag er altså ikkje tatt til følgje slik ho framsette det, men det har ført til at komiteen har utdjupa punkta om vigsel og gravferd.

Midttømme hadde eit forslag om at formuleringa «hovud, hjarte og føter» i punktet om konfirmasjon måtte erstattast med «tru og liv». Dette har komiteen slutta seg til.

Aarflot hadde eit framlegg om å erstatte punktet om at «kyrkja samarbeider med styresmakter, livssynssamfunn, kulturliv og organisasjonar» med punkt 14 i det

opphavlege saksdokumentet. Komiteen har vald å ta nokre formuleringar frå dette punktet og innarbeide dei i komiteens forslag, slik at det vesentlegaste i forslaget frå Aarflot er tatt til følgje.

Forslaget frå Midttømme og Holberg i høve til rekruttering er følgd opp av komiteen, om ikkje heilt ordrett. Komiteen har likevel behalde eit eige punkt som gjeld utdanningsinstitusjonane i samband med rekruttering. Munnlege kommentarar i plenum er òg reflekterte inn i redigeringa av dei to punkta.

Raaum ville ha inn eit nytt bollepunkt om at kyrkja er open for ulike kunst- og kulturuttrykk. Steinkopf ønskja eit nytt punkt om kyrkjemusikken. Komiteen har tatt begge forslaga til følgje, men har vald å setje dei saman til eitt punkt.

Bollepunkta som gjeld det samiske og kvenske kan plasserast inn under fleire av dei fire overskriftene. Etter ein konsultasjon med leiaren i Samisk kyrkjeråd er dei no plasserte under punktet om dåp og trusopplæring.

Som nemnd har òg dei munnlege innspela i plenumsdebatten vore drøfta i komiteen. Somme av ønskja er innarbeid i dokumentet, somme må ein lese inn i formuleringar som «ope» og «inkluderande». Om alle enkeltønskje skulle takast inn, ville det sprengje ramma for kva eit visjonsdokument bør vere. Komiteen meiner det er langt nok som det er.

Oppsummering

Forslaget til vedtak er blitt noko formulert om ut frå at dokumentet no tydelegare er ein visjon enn ei oppgåveliste. Visjonen skal vere ein inspirasjon som viser retning for det vi driv med i kyrkja. Derfor heiter det no: «Kyrkjemøtet ønskjer at visjonen og konkretiseringane kan inspirere arbeidet i kyrkja».

Det andre punktet i vedtaket er eit bollepunkt frå første innstilling som passer dårleg inn i den nye strukturen. Komiteen meiner punktet gjer seg betre i vedtaket enn i sjølve visjonen.

Det tredje punktet i vedtaket har no berre indirekte med visjonsdokumentet å gjere. Kyrkjemøtet har tidlegare vedtatt dei fem satsingsområda fram til 2014. Sidan det ikkje har vore ei sak om nye satsingsområde no, treng ein å forlengje desse fram til Kyrkjemøtet kan ta stilling til nye satsingsområde. Ein treng å ha definerte satsingsområde mellom anna av omsyn til fordeling av OVF-middel. For å få gjort dette vedtaket, er punktet hengt på denne saka.

Komiteen veit at dei endringane som er gjort i dokumentet etter første innstilling, er meir omfattande enn det som er normalt. Likevel meiner komiteen at dette har vore naudsynt ut frå plenumsdebatten og dei skriftlege og munnlege innspela som kom der. Det som er komiteens strukturelle grep utover dette, er grupperinga av bollepunkta under fire overskrifter. Komiteen meiner dette gjer det enklare å sjå kva visjonen for kyrkja vår er.

Det er eit mål at visjonen kan bli verkeleggjort i heile Den norske kyrkja. Kyrkjerådet og bispedømmeråda skal følgje opp vedtaket som Kyrkjemøtet gjer. Tilhøvet mellom Kyrkjemøtet og kyrkjelydane/sokna er annleis sidan Kyrkjemøtet ikkje kan gjere vedtak som bind kyrkjelydane økonomisk.

Meir himmel på jorda

Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus

ved å vere

Vedkjennande	Open	Tenande	Misjonerande
Vi tilber og vedkjenner trua på den treeinige Gud saman med den verdsvide kyrkja.	Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald.	Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.	Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt.

I perioden 2015–2018 vil vi at:

1. Gudstenestelivet blomstrar

- Gudstenesta gir eit møte med det heilage, med Gud.
- Gudstenesta er eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap.
- Gudstenesta knyter oss til heile den verdsvide kyrkja.
- Kyrkja har vigslar som feirar kjærleiken og bed om Guds velsigning over samlivet.
- Kyrkja lar etterlatne møte omsorg og få oppleve ei verdig gravferd der dei får leggje den døde i Guds hender.
- Kyrkja varetar og fornyar kyrkjemusikken og gir rom for ulike kunst- og kulturuttrykk.

2. Fleire søker dåp og trusopplæring

- Medlemmer i Den norske kyrkja døyper barna sine.
- Alle døypte og tilhøyrande i alderen 0–18 år blir inviterte til trusopplæring som gjer at dei kjenner seg heime i kyrkja, og som gir kunnskap om kristen tru.
- Konfirmasjonstida gir næring til tru og liv.
- Aldersgruppa 18–30 år erfarer at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg.
- Kyrkja har trusopplæring for vaksne.
- Samisk kyrkjeliv er livskraftig og likeverdig, og samisk språk og kultur blir varetatt i gudstenestelivet og trusopplæringa.
- Kvensk språk og kultur blir varetatt i gudstenestelivet og trusopplæringa.

3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

- I samarbeid mellom kyrkjelydar og diakonale institusjonar fremjar kyrkja omsorg, verdigheit og respekt.
- Kyrkja fremjar menneskeverd, fred, menneskerettar og respekt for skaparverket.
- Misjon er del av kyrkjelydens identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod.
- Kyrkja er ein relevant aktør i mediasamfunnet.
- Kyrkja er ein tydeleg og konstruktiv aktør i det norske samfunnet i samarbeid med styresmakter, livssynssamfunn, kulturliv og ulike organisasjonar.
- Dei som er nye i Noreg finn sin plass i kyrkjelydane i Den norske kyrkja eller i sine egne trussamfunn.
- Kyrkja legg vekt på religionsdialog.

4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

- Kyrkja inspirerer til deltaking og sikrar gode arbeidsforhold for frivillige og tilsette.
- Kyrkja styrker rekruttering til kyrkjeleg teneste i samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane og utdanningsinstitusjonar.

Kyrkjemøtet sitt vedtak

1. Kyrkjemøtet vedtek slagordet *Meir himmel på jorda* med dei visjonsformuleringane som underbyggjer dette. Kyrkjemøtet ønskjer at visjonen kan inspirere arbeidet i kyrkja i perioden 2015–2018.
2. Kyrkjemøtet strekar under at strukturane og dei demokratiske ordningane i kyrkja skal støtte opp om oppdraget og tenesta.
3. Satsingsområda *Diakoni, Kyrkjemusikk og kultur, Barn og unge, Gudstenesteliv* og *Samisk kyrkjeliv* blir forlengde fram til Kyrkjemøtet i 2016.

Samrøystes vedteke.

116 røysteføre.